



Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4838 - 21/84020

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
13.12.2021


Om søknad om opparbeiding av parkeringsplass - gbnr 172/211 Hopland

Vi viser til søknad om opparbeiding av parkeringsplass på gbnr 172/11 mottatt 25.05.2021 og tilleggsdokumentasjon mottatt 03.09.2021. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Eigedomen gbnr 172/211 er i reguleringsplanen avsett til barnehageføremål. Det går fram av føresegn 3.2.1 til planen at området skal nyttast til barnehageføremål. Planen opnar for at det kan byggast inntil 20 parkeringsplassar på området.

I telefonsamtale opplyser du at omsøkt parkeringsplass skal vera til personleg bruk, evt riggplass. Det er kommunen si vurdering at omsøkt tiltak ikkje vil vera i samsvar med vedteken plan. Parkeringsplass til barnehage vil kunne godkjennast, men ikkje parkering til privat bruk for eigar. Det er vidare vår vurdering at det ikkje kan gjevast løyve til å etablera avkøyrsløse frå eigedomen slik det er planlagt. Fortauet langs nordaustsida av felles tilkomstveg inn i området skal sikra trygg tilkomst til barnehagen. Etablering av ny avkøyrsløse slik planlagt vil medføra at fortauet må kryssast. Dette er etter vår vurdering uheldig og heller ikkje intensjonen i planen, jf. planskildringa der det står følgjande i pkt. 4.4:

I samband med bygging av barnehagen nord for planområdet blei vegen gjennom planområdet til Nilshøyen utbetra og det vart etablert fortau på austsida. Planframlegget er utforma i samsvar med dette. Det er regulert 4 avkøyringar frå denne vegen.



Det er vår vurdering at intensjonen i planen er at tilkomst til denne eigedomen skal skje via barnehagen, alternativt via f_KV3, og at eigedomen skal nyttast i tråd med barnehageføremålet.

Vi ber om eventuell kommentar før vi sluttbehandlar søknaden. Dersom vi ikkje har mottatt tilbakemelding innan 31.12.2021 vert søknaden tatt til behandling slik han no ligg føre.

Post til kommunen sender du til post@alver.kommune.no.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Seim Bygg AS

Nesbrekka 28

5912 SEIM